



## MØTEPROTOKOLL

---

**Utval:** Kommunestyret  
**Møtedato:** 11.05.2017  
**Møtetid:** Kl. 15:00 - 21:00  
**Møtestad:** Kommunehuset

---

Av x medlemmer møtte x, inkludert varamedlemmer.

<b>Medlemmer møtte:</b>	<b>Parti:</b>
Boge, Harald	A
Gåsdal, Brigit Olav	A
Tveiterås, Vidar	A
Øystese, Olaug Karin	A
Frøland, Knut Harald	BL
Haugen, Martin	BL
Markhus, Anja Elisabeth Gjerde	BL
Tveit, Lena	BL
Vassenden, Solveig	BL
Bruvik, Gunnar J.	FRP
Haga, Odd Arne	FRP
Kollbotn, Karl Bård	FRP
Røen, Arild	H
Tveit, Sture	H
Aasgaard, Inge	KRF
Moss, Gunn Totland	KRF
Strømmen, Øyvind	MDG
Røen, Øyvind	SP
Tjønnå, Monica	SP
Bogevik, Jon Magne	UAVH

<b>Desse medlemene møtte ikkje:</b>	<b>Parti:</b>	<b>I staden møtte:</b>	<b>Parti:</b>
Aadland, Nils	A	Urås, Roger Gjerde	A

### Møtenotater:

#### Andre som var til stades på møtet:

Hilde Lill Våge (kontituert rådmann) under heile møte.

Marianne Soleng (einingsleiar sørvissester) under heile møte.

John Hadler-Jacobsen (advokat) frå Deloitte Legal under kurs om "Hablilitet".

Line M. Johansen (senior manager) frå Deloitte under sak 015/17.

Jan Erik Boge (sektorleiar organisasjon) under sak 018/17.

<b>Møteleiar:</b>	Frøland, Knut Harald
<b>Møtesekretær:</b>	Soleng, Marianne

<b>Merknader:</b>

<b>Orienteringar/meldingar:</b>	
<b>Spørsmål/interpellasjonar:</b>	
<b>Dokument utlevert i møtet:</b>	

**Underskrift frå utvalsleiar og møtesekretær:**

Tysse, <dato>

---

Frøland, Knut Harald  
ordførar

---

Soleng, Marianne  
einingsleiar sørvissenteret

Desse sakene vart handsama:

## Sakliste

<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsak</b>	<b>Sakstittel</b>	<b>Merknad</b>
014/2017	17/238	Faste saker	
015/2017	15/863	Vurdering av handsaming av konsesjonssak i Samnanger kommune	
016/2017	16/429	Tysse Landhandleri AS - Salsløyve for alkoholhaldig drykk 2017 - 2020	
017/2017	16/1070	Prosjekt «Revitalisering av Tysse»	

**Rådmann sitt framlegg til vedtak:**

- Møteinnkallinga og saklista ver godkjent. • Delegert vedtak/ referatsaker vert tekne til orientering.

**11.05.2017 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

**Ordførar Knut Harald Frøland (BI)** bad om at sak 018/17 - Tilsetjing av rådmann vert teke med på saklista til møtet.

Kommunestyret slutta set til dette, og saka vart handsama i slutten av møtet.

**Orienteringar og meldingar:**

**Ordførar Knut Harald Frøland (BI)** orienterte om følgjande saker:

- Legevaktsamarbeid

Fusa kommune har teke kontakt med Samnanger og Os legevakt for å drøfta mogeleg samarbeid. Samnanger og Os har dialog med Fusa og vil sjå korleis eit eventuelt samarbeid kan løysast.

- Risikorapport norsk fiskeoppdrett 2017

Rapporten er bestilt av Nærings- og fiskeridepartementet og er utarbeidd i dialog med Fiskeridirektoratet, Mattilsynet og Miljødirektoratet.

Sitat frå rapporten: "Det er en klar samerhang mellom intensiv oppdrett og smitte av lakselus på både oppdrettet og vill laksefisk"

- Årsrapport skatteoppkrevjing 2016 for Samnanger kommune.

**Jon Magne Bogevik (politisk uavhengig)** viste til side 50 i møteinnkallinga der det står "Det er ikkje registrert nye arbeidsgjevarar i Samnanger i 2016".

**Bright Olav Gåsdal (A)** undra på kvifor restansane på skatteoppkrevjinga er høgare no enn tidlegare.

**Interpellasjonar:**

- Deling av førsteklasse

**Øyvind Strømmen (MDG)** bad om å få vurdert sin gildskap i handsaminga av interpellasjonen då han har ein son som skal byrja i den omtala førsteklasse til hausten.

**Øyvind Røen (Sp)** bad også om å få vurdert sin gildskap då han har eit barnebarn som skal byrja i den same klassen.

**Inge Aasgaard (Krf)** bad også om å få vurdert sin gildskap då han også har eit barnebarn som skal byrja i førsteklasse til hausten.

Dei tre representantane som fekk gildskapen sin vurdert gjekk i frå medan resten av kommunestyre vurderte dette. **Vidar Trengereid (Sp)** tok plass som vara for **Øyvind Røen (SP)**. **Bright Olav Gåsdal (A)** vart samrøystes vald til vervet som varaordførar under handsaminga av interpellasjonen etter forslag frå ordføraren. Gåsdal tok plass ved ordføraren sitt bord.

Det vart røysta over gildskapet til dei tre representantane ein etter ein. Representantane Strømmen, Røen og Aasgaard vart alle funnen ugild med 18 mot ei røyst frå **Arild Røen (H)**.

**Anja Elisabeth Gjerde Markhus (BI)** las opp interpellasjonen. (Interpellasjonen ligg som vedlegg til møteinnkallinga 11.05.2017.)

**Konstituert rådmann Hilde-Lill Våge** las opp svar på interpellasjonen frå administrasjonen. (Svar frå rådmannen ligg som vedlegg til møteprotokollen 11.05.2017)

**Ordførar Knut Harald Frøland (BI)** sette fram følgjande følgjande framlegg til vedtak:

*På grunnlag av Agenda kaupang rapport er det dokumentert at Samnanger kommune har eit potensiale til å drifta skule med mindre bruk av ressursar. Framover må Samanger kommune ha generell ambisjon om å oppretthalda god kvalitet samstundes som me reduserer ressursbruken.*

*Samnanger kommune har i 2016 og 2017 hatt ein prosess med kvalitetsdialog mellom oppveksteigar (politikarar i samarbeidsutvat, ordførar og varaordførar) og sektor for oppvekst og kultur. Internsjonen med prosessen har vore å sikre god dialog kring kvalitet i barnehage og skule. Det er naturleg å sjå interpellasjon om leksefri skule og deling av klassar i lys av dette og det kan vera hensiktsmessig å forsette kvalitetsdialog med å drøfte saker interpellasjonane beskriv i ein vidare drøfting av ressursbruken for skulen i Samnanger .*

*Bestillinga til skuleeigar, skule og foreldrerepresentantar kan til dømes vera:*

- *Vurdering og anbefaling tiltak for reduksjon av ressursbruk.*
- *Vurdering og anbefaling tiltak om leksefri skule.*
- *Vurdering og anbefaling tiltak for tidleg innsats.*
- *Vurdering og anbefaling tiltak delingsnorm. Som del av dialogprosessen skal dette i tillegg opp som eiga sak i kommunestyremøte 15.06.2017.*
- *Plan for realisering av anbefalte tiltak.*

*Det er ei forventning om at resultatet frå kvalitetsdialog foreligg tidsnok til at det kan inngå i budsjett- og økonomiplanarbeidet hausten 2017.*

*Ansvar for å leia kvalitetsdialogen er sektor for oppvekst og kultur.*

**Monica Tjønnna (Sp)** sette fram følgjande framlegg til vedtak:

*Nytt kulepunkt til framlegg frå ordføraren:*

*Det vert bedt om ei avklaring på Utdsningsforbundet sitt brev vedrørande tolking av undervisningslova på punkter om delingstal, forsvarleg pedagogikk i saka til junimøtet.*

**Anja Elisabeth Gjerde Markhus (BI)** trekte framlegg til vedtak frå interpellasjonen.

Det vart røysta over framlegg til vedtak frå ordførar **Knut Harald Frøland (BI)** med tillegg frå **Monica Tjønnna (Sp)**.

Resultatet av røystinga vart som følgjer:

For framlegg til vedtak frå ordførar med tillegg frå Monica Tjønnna (Sp)	Imot framlegg til vedtak frå ordførar med tillegg frå Monica Tjønnna (Sp)
Roger Gjerde Urås (A)	Sture Tveit (H)
Vidar Tveiterås (A)	Jon Magne Bogevik (politisk uavhengig)
Olaug Øystese (A)	Bright Olav Gåsdaal (A)
Harald Boge (A)	
Gunn Totland Moss (Krf)	

Arild Røen (H)	
Karl B. Kollbotn (Frp)	
Gunnar Bruvik (Frp)	
Odd Arne Haga (Frp)	
Knut Harald Frøland (Bl)	
Lena Tveit (Bl)	
Anja Elisabeth Gjerde Markhus (Bl)	
Martin Haugen (Bl)	
Solveig Vassenden (Bl)	
Vidar Trengereid (Sp)	
Monica Tjønnå (Sp)	
Totalt: 16 røyster	Totalt: 3 røyster

Framlegg til vedtak frå ordførar Knut Harald Frøland (Bl) med tillegg frå Monica Tjønnå (Sp) vart vedteke med 16 mot 3 røyster.

- Leksefri skule

**Anja Elisabeth Gjerde Markhus (Bl)** las opp interpellasjonen om leksefri skule. (Interpellasjonen ligg som vedlegg til møteinnkallinga 11.05.2017.)

**Konstituert rådmann Hilde-Lill Våge** las opp svar på interpellasjonen frå administrasjonen. (Svar frå rådmannen ligg som vedlegg til møteprotokollen 11.05.2017)

- Tilknytning til kommunal vassleidning

**Øyvind Røen (Sp)** bad om å få vurdert sin gildskap då han er ein av dei som har motteke brev om påkopling og klaga på dette.

Han vart samrøystes funnen ugild og gjekk ifrå. **Vidar Trengereid (Sp)** gjekk inn som vara for Røen.

**Gunnar Bruvik (Frp)** bad om å få gildskapen sin vurdert. Han vart samrøystes funnen ugild i handsaminga av interpellasjonen.

**Brigt Olav Gåsdaal (A)** vart samrøystes vald til vervet som varaordførar under handsaminga av interpellasjonen etter forslag frå ordføraren. Gåsdaal tok plass ved ordføraren sitt bord.

**Martin Haugen (Bl)** las opp interpellasjonen om tilknytning til kommunal vassleidning. (Interpellasjonen ligg som vedlegg til møteinnkallinga 11.05.2017.)

**Konstituert rådmann Hilde-Lill Våge** las opp svar på interpellasjonen frå administrasjonen. (Svar frå rådmannen ligg som vedlegg til møteprotokollen 11.05.2017)

**Arild Røen (H)** setter fram følgjande oversendingsframlegg til vedtak:

*Tilkobling skal skje dersom kostnader ikkje overskrider kr 200.000*

- *Kostnadene blir fordelt slik:*

1) *huseigar dekker kr 100.000 +tilkoblingsavgift*

2) *Samnanger kommune dekker differanse mellom 1) og kr 200.000*

- *Dersom utgifter til tilkobling vert høgare enn kr 200.000, slepp huseigar å koble seg på*

- *Tilbod fra entreprenør skal leggjast ved søknad.*

- *Kommunen tek over eigedomsretten til privat ledningsnett fram til eigedomsgrænse.*

- *Ferdigattest gjev grunnlag for utbetaling frå Samnanger kommune.*

Eit godt stykke inn i diskusjonen, kom det eit ønskje frå **Monica Tjønnå (Sp)** om eit gruppemøte.

Dette ønskje vart samrøystes avvist av kommunestyret.

Det vart røysta over framlegg til vedtak i interpellasjonen og framlegg til vedtak frå **Arild Røen (H)**.

Resultatet av røystinga vart som følgjer:

For framlegg til vedtak i interpellasjonen frå	For oversendingsframlegg til vedtak frå
--	---

Martin Haugen (Bl) og Monica Tjønnå (Sp)	Arild Røen (H)
Knut Harald Frøland (Bl)	Roger Gjerde Urås (A)
Vidar Trengereid (Sp)	Bright Olav Gåsdal (A)
Monica Tjønnå (Sp)	Vidar Tveiterås (A)
	Olaug Øystese (A)
	Harald Boge (A)
	Øyvind Strømmen (MDG)
	Inge Aasgaard (Krf)
	Gunn Totland Moss (Krf)
	Arild Røen (H)
	Sture Tveit (H)
	Jon Magne Bøgevik (politisk uavhengig)
	Karl B. Kollbotn (Frp)
	Odd Arne Haga (Frp)
	Lena Tveit (Bl)
	Anja Elisabeth Gjerde Markhus (Bl)
	Martin Haugen (Bl)
	Solveig Vassenden (Bl)
<b>Totalt: 3 røyster</b>	<b>Totalt: 17 røyster</b>

Oversendingframlegg til vedtak frå Arild Røen (H) vart vedteke med 17 mot 3 røyster.

#### **Utvalet sitt kvarter:**

- Skjenking av alkohol under arrangement med Linda Eide i SamningaVeko.

**Inge Aasgaard (Krf)** undrar på korleis kommune vil organisera dette arrangementet med alkoholserving.

**Konstituert rådmann Hilde-Lill Våge** fortel at det vert innført 18 års grense for å delta på arrangementet. Dette i tillegg til godt vakthald.

- Revitalisering av Tysse.

**Inge Aasgaard (Krf)** lurte på kva midlane kommunen har motteke til revitalisering konkret skal brukast til.

**Konstituert rådmann Hilde-Lill Våge** svarte på dette. Tidlegare har me fått midlar til å ruste opp Ytre-Tysse, denne gongen er det for å sikre aktiviteten i området.

- Breiband næringsdrivande i Rolvsvåg.

**Karl B. Kollbotn (Frp)** var, som kommunal representant i næringsforum, på møte med næringsdrivande i Rolvsvåg om breibandsutbygging. Kommuneadministrasjonen møtte med to representert på dette møtet. Kommunen har motteke 1 mill. i offentlege midlar til breibandsutbygging. I følge Kollbotn bør desse midlane brukast i dette området.

- Møteplan for politiske møter.

**Monica Tjønnå (Sp)** etterlyste klokkeslett for møtestart på møteplanen. Administrasjonen føl opp dette.

- Fartshumpar på Tysse.

**Odd Arne Haga (Frp)** lurte på om det vert utbetringar på fartshumpane på Tysse.

**Konstituert rådmann Hilde-Lill Våge** oppfordra til å gje høyringsinnspel på trafikksikringsplanen som ligg ute no.

- Status Bjørkheimsområdet.

**Odd Arne Haga (Frp)** ønskte ein statusoppdatering for arbeidet i området.

**Konstituert rådmann Hilde-Lill Våge** orienterte om dette. Parken vil stå ferdig til 17.mai. Pavljongen og innbuett til det nye biblioteket kjem i slutten av juni. Opning i slutten på sommaren

- Oppmelding til PPT.



**Odd Arne Haga (Frp)** lurte på kvifor ventetida hos PPT er urimeleg lang.

**Konstituert rådmann Hilde-Lill Våge** oppfordra til at dei enkelte foreldra oppsøker PPT direkte om dette.

- Utbetring av veg på Tysse.

**Gunnar Bruvik (Frp)** lurte på om vegen som vart brukt som omkjøringsveg når Tyssetunellen vart bygd kjem til å verta utbetra.

**Konstituert rådmann Hilde-Lill Våge** svarte at dei planlagde utbetringane er blitt gjort på Ytre-Tysse. Det er planar om at vegen ved indre Tysse skal brukast som omkjøringsveg når Hagaåstunellen om skal utbetrast. Kommunen er i dialog med Statens vegvesen om dette.

- Idrettsanlegget i Hagabotnane.

**Lena Tveit (Bl)** lurte på status på prosjektet.

**Konstituert rådmann Hilde-Lill Våge** fortalte at det er planar om at anlegget skal stå ferdig i midten av juni, men at arbeidet er væravhengig.

#### **KS- 014/2017 Vedtak:**

- Møteinnkallinga og saklista ver godkjent.
- Delegert vedtak/ referatsaker vert tekne til orientering.

#### **SAKNR. 015/2017: Vurdering av handsaming av konsesjonssak i Samnanger kommune**

##### **Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:**

1. Kommunestyret merkar seg det som kjem fram i notat frå Deloitte datert 18.04.17, herunder at det vert peika på svikt i forhold til kommunen sitt eige delegasjonsreglement, feil sakshandsamingsinstans og sannsynlegvis ei manglande habilitetsvurdering.
2. På bakgrunn av det som kjem fram i notatet ber kommunestyret om at rådmann utarbeider utkast til rutinar for korleis habilitet skal vurderast eller varslast, gjeldande både politikarar og tilsette.
3. Etter at kurs i habilitet er gjennomført i kommunestyret i mai, bør ein vurdere om det er naudsynt med eit liknande kurs også på eit seinare tidspunkt.

**11.05.2017 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

**Handsaming i møtet:**

Senior manager Line M. Johansen frå Deloitte la fram Deloitte sin rapport jf. kontrollutvalet sitt vedtak i sak 42/16 i møte 14.11.2016. Føremålet med Deloitte sitt oppdrag har vore å vurdere Samnanger kommune si handtering av anke i samband med konsesjons sak for Aldselva kraftverk i 2016.

**KS- 015/2017 Vedtak:**

1. Kommunestyret merkar seg det som kjem fram i notatet frå Deloitte datert 18.04.17, herunder at det vert peika på svikt i forhold til kommunen sitt eige delegasjonsreglement, feil sakshandsamingsinstans og sannsynlegvis ei manglande habilitetsvurdering.
2. På bakgrunn av det som kjem fram i notatet ber kommunestyret om at rådmann utarbeider eit utkast til rutinar for korleis habilitet skal vurderast eller varslast, gjeldande både for politikarar og for tilsette.
3. Etter at kurs i habilitet er gjennomført i kommunestyret i mai, bør ein vurdere om det er naudsynt med eit liknande kurs på eit seinare tidspunkt.

**SAKNR. 016/2017: Tysse Landhandleri AS - Salsløyve for alkoholhaldig drykk 2017 - 2020****Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Tysse Landhandleri AS (org.nr. 918 656 928) v/ Ove-Henning Bjørsvik får med heimel i Alkoholloven §1-6 løyve til sal av alkoholhaldig drykk til og med gruppe 1. (jf. alkoholforskriften §1-1) i lokala i Ytre-Tysse 40 på Tysse i Samnanger kommune. Løyvet gjeld til 30.september 2020.

**11.05.2017 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

**Handsaming i møtet:**

Det vart røysta over rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Resultatet av røystinga vart som følgjer:

For framlegget frå rådmannen	Imot framlegget frå rådmannen
Roger G. Urås (A)	Inge Aasgaard (Krf)
Bright Olav Gåsdal (A)	Gunn Totland Moss (Krf)
Vidar Tveiterås (A)	Øyvind Røen (Sp)
Olaug K. Øystese (A)	
Harald Boge (A)	
Øyvind Strømmen (MDG)	
Arild Røen (H)	
Sture Tveit (H)	
Jon Magne Bogevik (politisk uavhengig)	
Karl B. Kollbotn (Frp)	
Gunnar Bruvik (Frp)	
Odd Arne Haga (Frp)	
Knut Harald Frøland (Bl)	

Lena Tveit (Bl)	
Anja Elisabeth Gjerde Markhus (Bl)	
Martin Haugen (Bl)	
Solveig Vassenden (Bl)	
Monica Tjønnå (Sp)	
<b>Totalt: 18 røyster</b>	<b>Totalt: 3 røyster</b>

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart vedteke med 18 mot 3 røyster.

**KS- 016/2017 Vedtak:**

Tysse Landhandleri AS (org.nr. 918 656 928) v/ Ove-Henning Bjørsvik får med heimel i Alkoholloven §1-6 løyve til sal av alkoholhaldig drykk til og med gruppe 1. (jf. alkoholforskriften §1-1) i lokala i Ytre-Tysse 40 på Tysse i Samnanger kommune. Løyvet gjeld til 30.september 2020.

**SAKNR. 017/2017: Prosjekt «Revitalisering av Tysse»**

**Ordførar sitt framlegg til vedtak:**

Samnanger kommune løyver inntil kr. 126.851 til prosjekt «Revitalisering av Tysse». Finansiering hentast frå næringsfondet som pr. 18.04.17 er kr. 795 142,05. I tillegg kjem stønad frå Fylkeskommunen på kr. 126.500 slik at total budsjettramme for prosjektet utgjer kr. 253.351. Samnanger kommunen inngår kontrakt med Granli Gård Rådgivning v/ Ove Henning Bjørsvik pålydande kr. 100.000 eks. mva. Kontrakt gjeldt i tidsrommet medio mai 2017 og ut 2017. Granli Gård Rådgivning v/ Ove Henning Bjørsvik rapporterer til ordførar og har ordførar som tett samarbeidspartnar.

**11.05.2017 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

**Handsaming i møtet:**

Formannskapet sitt framlegg til vedtak vart vedteke med 20 mot 1 røyst frå Jon Magne Bogevik (politisk uavhengig).

**KS- 017/2017 Vedtak:**

Samnanger kommune løyver inntil kr. 126.851 til prosjekt «Revitalisering av Tysse». Finansiering hentast frå næringsfondet som pr. 18.04.17 er kr. 795 142,05. I tillegg kjem stønad frå Fylkeskommunen på kr. 126.500 slik at total budsjettramme for prosjektet utgjer kr. 253.351.

Samnanger kommune inngår kontrakt med Granli Gård Rådgivning v/ Ove Henning Bjørsvik pålydande kr. 100.000 eks. mva. Kontrakt gjeldt i tidsrommet medio mai 2017 og ut 2017. Granli Gård Rådgivning v/ Ove Henning Bjørsvik rapporterer til ordførar og har ordførar som tett samarbeidspartnar.

**27.04.2017 Formannskapet:**

Handsaming i møtet:

Ordføreren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**FORM- 015/2017 Vedtak:**

Samnanger kommune løyver inntil kr. 126.851 til prosjekt «Revitalisering av Tysse». Finansiering hentast frå næringsfondet som pr. 18.04.17 er kr. 795 142,05. I tillegg kjem stønad frå Fylkeskommunen på kr. 126.500 slik at total budsjettramme for prosjektet utgjer kr. 253.351.

Samnanger kommune inngår kontrakt med Granli Gård Rådgivning v/ Ove Henning Bjørsvik pålydande kr. 100.000 eks. mva. Kontrakt gjeldt i tidsrommet medio mai 2017 og ut 2017. Granli Gård Rådgivning v/ Ove Henning Bjørsvik rapporterer til ordførar og har ordførar som tett samarbeidspartnar.